



# VERDSARV

Vestnorsk fjordlandskap

## Retningslinjer for tilskot til tiltak i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap – Nærøyfjorden

Regelverket er utarbeidd på grunnlag av *Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap, FOR-2016-08-10-966*

### Føremål

Føremålet med tilskot til tiltak i verdsarvområde er å styrke landbruket i verdsarvområda. Ordninga skal medverke til å oppretthalde eit aktivt og levande kulturlandskap, ta vare på kultur- og kulturlandskapsverdiar, og å hindre attgroing.

### Verkeområde

I kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss gjeld forskrifta innanfor grensene til Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden.

### Tildeling av tilskot

Fylkesmannen kan gje tilskot til tiltak som er i samsvar med føremålet for ordninga.

Tiltaka må også vere i samsvar med gjeldande planar for området. Dersom søkjar ikkje er grunneigar, må det ligge føre løyve frå grunneigar og andre rettshavarar.

### Tiltak

Fylkesmannen kan løyve tilskot til fylgjande tiltak:

- restaurering og skjøtsel av areal. Dette er eit prioritert tiltak for å sikre det biologiske mangfaldet, og for å ta vare på kulturlandskapet
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- planlegging av tiltak
- tilrettelegging for ferdsel
- formidlingstiltak
- andre tiltak som fremmar føremålet med ordninga.

## **Arealtilskot**

Fylkesmannen kan betale ut tilskot til drift og skjøtsel av areal i tråd med kapittel 6.1.1. i Tiltaksplan for kulturlandskap i verdsarvområdet, og i tråd med dei mål og tilrådingar som er fastsett i gjeldande forvaltningsplan og skjøtselsplanar for området. I vert slikt tilskot utbetalt i tråd med inngåtte skjøtselsavtalar mellom søkjar og Fylkesmannen.

Følgjande planar er gjeldande for Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden:

- Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyen
- Oppfølging av bønder i Nærøyfjorden verdsarvområde – tiltaksplanar for enkelteigedomar med kart
- Skjøtselsplan for Stigen
- Skjøtselsplan for Styvi
- Skjøtselsplan for Dyrdal
- Skjøtselsplan for Fronnes
- Skjøtselsplan for Stokko
- Skjøtselsplan for Nedbergo
- Skjøtselsplan for Nåli

## **Beitetilskot**

Fylkesmannen betale ut beitetilskot i tråd med kapittel 6.1.2 i Tiltaksplanen for kulturlandskapet. Tilskotet kan løyvast til søkjarar som mottok produksjonstilskot og som har husdyr på beite i verdsarvområdet. Beitinga skal medverke til at kulturlandskapet og arealtilstanden vert oppretthalden på lang sikt. Det vert nytta same gruppering av dyr og same dyretal som i søknaden om produksjonstilskot. Det er ulike satsar for dei som har driftssenter innanfor og dei som har driftssenter utanfor verdsarvområdet.

## **Andre tiltak**

Søknad om tilskot til andre tiltak skal innehalde ei skildring av det planlagde tiltaket. Søknaden skal innehalde budsjett og gjennomføringsplan, og tiltaket skal merkast av på kart vedlagt søknaden.

## **Krav til søknad**

Søknadsfristen er 15. oktober kvart år.

Det må fyllast ut og sendast eit eige søknadsskjema til Fylkesmannen. Alt areal det blir søkt om tilskot til, skal vere kartfesta i avtale mellom søkjar og Fylkesmannen.

Med søknadsfrist på hausten skal det søkjast om tilskot til andre tiltak (dvs. andre tiltak enn arealskjøtsel og beiting) som skal gjennomførast påfølgjande år.

## **Arbeidsfrist**

Arealtilskot og beitetilskot blir utbetalt etter søknad kvart år. Det må sendast ny oppdatert søknad kvart år.

For andre tiltak er fristen for gjennomføring av tiltaket 3 år frå det blir løyvd tilskot. Fylkesmannen kan etter søknad forlenge arbeidsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart løyvd.

## Utbetaling av tilskot og krav om rapportering

Arealtilskot og beitetilskot blir utbetalt etter søknad 15. oktober kvart år.

For andre tiltak betalar Fylkesmannen ut det løyvde tilskotet etter skriftleg melding frå søkjar, og når Fylkesmannen har godkjent sluttrekneskapen og sett til at vilkåra for løyvinga er oppfylt.

Det kan også betalast ut tilskot etter kvart som deler av tiltaket vert utført, på bakgrunn av godkjent dokumentasjon. Minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til arbeidet er fullført, og arbeidet og sluttrekneskapen er godkjent.

Den som har mottatt tilskot skal levere sluttrapport og sluttrekneskap til Fylkesmannen innan fristen som er fastsett i vedtaksbrevet om tildeling av tilskot. Fylkesmannen kan gje nærare krav om rapportering i vedtaksbrevet.

## Klage

Vedtak som er fatta av Fylkesmannen kan klagast inn til Landbruksdirektoratet etter reglane i Lov 10. februar 1967 om behandlingssaker (forvaltningslova) kap. VI.

Klaga skal leggest fram for Miljødirektoratet og Riksantikvaren for eventuell uttale før det blir fatta vedtak.

## Opplysningsplikt og kontroll

Den som søker om tilskot har plikt til å legge fram alle opplysningar som Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet finn nødvendig for å kunne forvalte og kontrollere ordninga.

Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan kontrollere at utbetaling av tilskot er i tråd med forutsetningane. Søkjar har plikt til å utlevere all bokføring, korrespondanse og andre opplysningar som vedkjem tilskotet. Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan gjennomføre stadleg kontroll.

## Omgjering og tilbakebetaling

Tilskot som ikkje er brukt i samsvar med tildelingsvedtaket kan krevjast betalt attende.

Fylkesmannen kan gjere om vedtak om løyvde tilskot, og utbetalt tilskot kan krevjast betalt attende dersom det blir avdekka forhold som er i strid med det som er forutsett ved løyving av tilskotet.

For krav om attendebetaling av tilskot kan det krevjast renter etter *Lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.*

Meir informasjon:

[Landbruksdirektoratet si side om verdsarvområda](#)  
[Forskrift om tilskudd til tiltak til verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap](#)